

PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND

Møte:	8-2016
Tid:	Fredag 28. oktober kl. 08:30 - 14:30
Stad:	Dampen, auditorium

Til stades:

Ordfører:	Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Øyvind Oddekalv, Stian Herøy, Per Lerøy, Astrid Aarhus Byrknes Tom Kristian Thorsen, Alf Terje Mortensen (varaordfører Osterøy), Jostein Borlaug (varaordfører Radøy)
Rådmenn:	Øivind Olsnes, Reidun Halland, Ingvild Hjelmtveit, Jarle Landås, Jan Olav Osen, Ørjan Raknes Forthun, Svein Helge Hofslundsengen
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Sak 67/16: Frukostseminar med mange inviterte. Sak 68/16: NGIR: Dagleg leiar Erlend Kleiveland og styreleiar Helge Fjellanger Sak 69/16: Nordhordland lensmannskontor: Lensmann Kjell Idar Vangberg
Forfall:	Jon Askeland, Jostein Førre, Ingebjørg Vamråk

Sak 65/16	Godkjenning, møteinnkalling og sakliste Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 66/16	Godkjenning, protokoll møte 7-2016 Møteprotokoll frå møte 7-2016 vart godkjent utan merknadar.
Sak 67/16	Frukostseminar: Utbyggingsavtale og momskompensasjon Frukostseminar med Trond Skjelbred om momskompensasjon, utbygging av infrastruktur og avgiftsmoglegheiter. Presentasjon vedlagt.
Sak 68/16	Ny renovasjonskontrakt NGIR Styreleiar Helge Fjellanger og dagleg leiar Erlend Kleiveland var invitert til Regionrådet for å orientera om den nye renovasjonskontrakten til NGIR. Styreleiar innleia kort, deretter gjorde dagleg leiar detaljert greie for prosessen med anbod og kontrakt. Presentasjon vedlagt. NGIR har skrive kontrakt med RenoNorden og den er vesentleg lågare enn gjeldande kontrakt. Men det er viktig å påpeika at RenoNorden er eit av Noregs største selskap innan renovasjon, og det vart gjort ein grundig analyse av selskapet i prosessen. NGIR har frå dag ein i 1983, hatt eksterne transportørar. Dei har i løpet av denne tida hatt fire ulike transportørar. Det har også tidlegare vore mykje uro når nye transportørar har vunne ny kontrakt. For 2011-2016 var det fire ganske like tilbod. For ny periode var anbodet lagt ut på Doffin i februar og det kom inn fire tilbydarar. Den billegaste hadde RenoNorden på kr 58 mill., dei to neste låg mellom kr 95-97 mill., medan det dyraste var på kr 121 mill. NGIR brukte ekstern konsulent til å evaluerte tilboda. Det vart laga eigen evalueringsrapport, og RenoNorden vart sjekka nærare i forhold til ulike krav i anbodet. Selskapet har solid økonomi, og vart børsnotert i 2013.

Dagleg leiar forstår at mange tenkjer sosial dumping når dei høyrer om prisforskjellen. Tilbod kan avvistast under visse høve, t.d. dårleg kvalitet, stor risiko m.v. NGIR såg ikkje grunnar til å avvise anbudet i forhold til krava som låg til grunn, og at ein verken hadde plikt eller rett til å gjera det. To av tilbydarane bad om innsyn i saka, ingen av dei klaga. Kontrakten med RenoNorden er for perioden 2017-2022/2024 (6-8 år).

RenoNorden såg etter kvart at dei hadde usedvanlege låge tilbod fleire plassar, og har varsla børsen om betydeleg tap i 2016 – samla er det på kr 159 mill. Selskapet har skrivne ned goodwill i andre kvartal. Dei som prisa kontraktane jobbar ikkje lenger i selskapet.

Kontakten betyr at NGIR kan planlegga med uendra gebyr dei neste fire åra, det er jo positivt for forbrukarane, men slike avisoppslag som NGIR fekk, gjer noko med omdømmet. Det er selskapsavtalen §3 som regulerer kva NGIR gjer sjølv og ikkje, og transporten har alltid vore ute på anbud. Dette er eit eigarspørsmål.

Det har og kome fram kritikk mot selskapet om at eigarane får for lite informasjon. NGIR har invitert seg rundt i kommunane med jamne mellomrom, gjerne i starten på valperiodane. Det har derimot vore ulik respons på dette frå eigarane si side.

Hallvard Oppedal viste til at NGIR nyss hadde vore i Gulen og orientert om saka og drifta. Det var eit svært nyttig møte. Problemet mange sjåførarar som bur i bygdene opplever, er at dei ikkje får med seg ansiennitet og mykje lågare lønn inn i nytt selskap. Slik blir det gjerne med denne type anbudssystem som vert gjennomført kvart 6 år m.v.? Kanskje eigarane burde vurderer kva å eige tenesta sjølv, vil kosta? Kanskje krav til lønsnivå til sjåførar burde vore tydelegare i anbudet. Oppedal peika og på kva bråk det ville blitt dersom ein no avbestilte anbudet.

Dagleg leiar peika på at dei har sett same krav som er vanleg i slike anbud, men at dei har vore litt strengare til språk. Det vil bli mykje ruteendringar når nytt anbud trer i kraft, men NGIR har kravd at hentinga skal skje måndag-fredag, og ikkje på bevegelege heilagdaggar.

Øivind Oddekalv synest det var veldig greitt å sjå at det som er gjort på det tekniske er veldig greitt, men at kanskje burde ha sett nærare på dette med rammer m.v. , og kanskje ikkje er billigast mogleg er det viktigaste for kommunane? Har verksemdoverdraging vore vurdert? Dagleg leiar sa at det ikkje har vore vurdert, ei heller har ein rekna kva dette vil kosta i eigen regi. Signala har som sagt vore omvendt frå eigarane.

Styreleiar viste til at Representantskapet var orientert om anbudet / resultatet, og at dei ikkje hadde negative reaksjonar. Dei har sagt at dei ynskjer at selskapet skal vera eit kostnadseffektivt selskap med god miljøprofil.

Fleire takka for ei grundig og god orientering. Vidare at eigarane gjerne burde drøfta kva ein skal gjera i eigen regi og ikkje. Det burde vera eit årleg eigarmøte utanom dei formelle Representantskapsmøta. Nordhordlandstinget kan t.d. vera arena for dette.

Dagleg leiar sa at dette med oftare eigarmøte – og om ein skulle invitera seg til RR har vore drøfta med jamne mellomrom, men samtidig har dei vore redd for å setja Representantskapet på sidelina då dei utfører eigarfunksjon. Imidlertid har det vore mykje forfall frå medlemmene i Representantskapet og at ein har hatt problem med Representantskapet ikkje har vore vedtaksfør. Det vil vera fint om kommunane tok tak i dette.

Styreleiar informerte til slutt om at det er tilsett ny dagleg leiar frå 1/1-2017, Raymond Tuv. Han er i dag prosjektleiar i Skanska Norge AS. Erlend Kleiveland har sjølv bedt om å få ei anna rolle i selskapet. Han skal no vera nestleiar i selskapet, med økonomi, kontroll og kontrakt som oppgåver.

	Regionrådsleiar takka til slutt for ein grundig og god gjennomgang.
Sak 69/16	<p>Nærpolitireforma. Høyringa Karstein Totland og Astrid Byrknes Aarhus orienterte fyrst kort frå styringsgruppa i arbeidet med reforma. Deretter orienterte lensmann Kjell Idar Vangberg meir detaljert og korleis han såg på forslaga.</p> <p>Politimeisterens forslag til organisering i tenesteiningar med tilhøyrande tenestestader er i stor grad iht. det som har vore ynskje til Regionrådet. I forslaget er Nordhordland og Gulen/Masfjorden /Solund slått saman til ei tenesteeining som heiter NORDHORDLAND. Det er føreslått at ein har to tenestestader i denne eininga, Knarvik og Hosteland. Det betyr at ein legg ned Austrheim, Eivindvik og Hardbakke som tenestestader.</p> <p>Det tredje begrepet er driftseining. Denne kan bestå av eit eller fleire tenestestader. Driftseiningsleiaren har personalansvar, økonomi- og budsjettansvar, samtidig som han er medlem i leiargruppa til politimeisteren. Tenesteeiningsleiaren har ikkje desse funksjonane.</p> <p>Kommunane skal fyrst og fremst uttale seg til tenesteeining og tenestestader, men politimeisteren opnar for at kommunane også kan kommentera driftseiningsstrukturen. Utgreiinga viser to alternativ (både kart og skriftleg)</p> <p>Det eine forslaget er at tenesteeininga også er eigen driftseining. Tenesteeiningsleiaren som sit i Knarvik blir då driftseiningsleiar for tenesteininga som består av våre 9 kommunar (Inkl. Solund, ikkje Osterøy). Det andre forslaget frå politimeisteren er ei driftseining bestående av to tenesteeiningar, nemleg Nordhordland og Voss med omegn. Då vil driftseiningsleiar enten sitja i Knarvik eller på Voss. Me vil då få ei driftseining som strekk seg frå Solund til Eidfjord. Dette verkar som ei svært ufornuftig ordning. Ein kan då også risikera at våre ni kommunar i "nye" Nordhordland ikkje er representert i politimeisteren sin leiargruppe.</p> <p>Osterøy er lagt innunder Bergen kommune i alle forslaga frå politimeisteren. Dette er ei løysing Osterøy kommune er svært lite fornøyd med.</p> <p>Vedtak: Regionrådet ber dagleg leiar skriva ein uttale som byggjer på tidlegare uttalar og seier noko om at me er tilfreds med at Nordhordland er føreslått som tenesteeining med to tenestesteder, men at Nordhordland må vera eigen Geografisk driftseining (GDE) også.</p>
Sak 70/16	<p>Interkommunal nærings- og samfunnsplan. Godkjenning Dagleg leiar informerte kort om prosessen med planen, og at styringsgruppa har tatt inn endringar som har skjedd siste månadane, bl.a. vedtak om kommunesamanslåing og nedlegging av BRB.</p> <p>Vedtak: Regionrådet godkjenner Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland 2016-2025. Tiltaksdelen bør rullerast etter to år slik at den er oppdatert for 2019. Den interkommunale samfunns- og næringsplanen er ein plan for kommunane i regionen og Nordhordland Utviklingsselskap IKS. Planen er eit fundament for korleis Region Nordhordland skal saman gå inn i framtida og den gir ei felles overbygning for utviklingsarbeidet. Om vi skal lukkast i arbeidet må vi halde regiontanken høgt: Det som gagnar regionen, det gagnar kommunane, innbyggjarane og næringsliv.</p>
Sak 71/16	<p>Status - saker NUI Dagleg leiar Rune Heradstveit orienterte kort om status for nokre av prosjekta / oppgåvene NUI jobbar med: Reiseliv, Nordhordland Biosfæreområde, Helsehuset, og overføring av BRB-</p>

	oppgåver til Hordaland fylkeskommune.
Sak 72/16	Meldingar og eventuelt
	Idrettspolitisk møte i Bergen 7. november Tom Kristian Thorsen vert regionen sin representant på Idrettspolitisk møte i Bergen 7. november.
	Høyring Vestlandsregion Dagleg leiar viste til at «Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion» er kome på høyring, og tok opp om det er aktuelt for regionen å laga uttale. Evt. innspel frå Regionrådet sine medlemmer må koma så snart som mogeleg.
	Toppleiarmøtet med Helse Bergen 12. januar 2017 Dagleg leiar viste til foreløpig program for toppleiarmøtet, og spurte om Regionrådet hadde spesielle ynskje til tema. Astrid Aarhus Byrknes nemnte sak om plassering m.v. av avtalespesialister.

Knarvik, 22. november 2016

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 67-16. Kommunal infrastruktur justeringsrett og plikt vs anleggsbidrag
- Sak 68-16. Presentasjon anbod NGIR